



Det var godt besøk heilt frå start! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det var korkje snorklypping eller korpsmusikk då Uskedalen fekk sin blomebutikk torsdag føremiddag, men Gros Blomster fekk ein god start likevel. Det var køtendensar heilt frå opninga og trioen Gro Hjelmeland, Arnhild Myklebust og Gerd Ingunn Bauge hadde si fulle hyre med å ekspedera.**



Gro Hjelmeland og Arnhild Myklebust hadde det travelt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei positive kommentarane var mange i kundeflokken og her er fire av dei, som seier det meste:



Opp med skiltet! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Så triveleg at det endeleg har vorte liv i desse lokala, dei har stått tomme altfor lenge!
- Her var det stort utval, sanneleg ikkje lett å bestemma seg!
- Fint at ein slepp å reise andre stader for å kjøpa blomar.
- Lokala er innbydande og trivelege.

Held det fram slik, kjem nok blomebutikken i Uskedalen til å få eit langt liv..

Av Ola Matti Mathisen



Gro hadde all grunn til å smila etter den første halvtimen. (Foto: Ola Matti Mathisen)